

Merknad til Nasjonal Transportplan 2018-2029, tema: Nasjonal Turistveg.

Frå dei politiske partia i Norddal kommune: Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Tverrpolitisk liste og Sosialistisk Venstreparti

I høyringsutkastet til Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP), hovudkapittel om investeringar, er det eit eige kapittel om Nasjonal Turistveg (s. 170). Vi har merknad til dette kapittelet.

Merknad:

Vi krev at planane for investeringar til Nasjonal turistveg blir endra slik at dei og omfattar gang- og sykkelveg langs vegane der lokalbefolkninga ferdast.

Grunngjeving:

- Når ein les innleiinga til NTP er berekraft og trafikksikkerheit blant dei viktigaste måla for NTP. I kapittelet om Nasjonal turistveg kan vi ikkje sjå at desse måla er stetta. Tvert i mot står det spesifikt at opplevingane skal sjåast frå bilvindauget. På desse vegane skal det berre satsast på bilistar og ikkje takast omsyn til gåande og syklende.
- Nasjonal Turistveg Geiranger-Trollstigen går fleire stader gjennom bygdelag og tettbygde strok der lokalbefolkninga nyttar vegen mellom heim-arbeid-skule-fritidsaktivitetar. Den store trafikken på vegen, særleg i turistsesongen, er ein fare og ei belastning for lokalbefolkninga. Kombinasjonen av manglande gang- og sykkelveg og stor biltrafikk tvingar enda fleire inn i bilane.
- På strekninga mellom Geiranger og Trollstigen er trafikken svært stor på sommaren, og det finst nesten ikkje gang-og sykkelsti langs vegen. Å bevege seg langs vegen for gåande og syklende med stor trafikk av bussar og bular, er meir som ein risikosport å rekne.
- Nasjonal turistveg er eit prestisjeprosjekt der fleire aktørar samarbeider for å auke opplevingane langs 18 utvalde vegstrekningar for dei reisande og for å vise fram moderne norsk kunst og arkitektur. Desse vegane er i kategorien fylkesveg, mens Nasjonal turistveg er ei statleg satsing.
- Staten har teke ansvar for køyrande langs våre Nasjonale Turistveg. No krev vi at staten også tek ansvar for dei mjuke trafikantane og

legg fram ein plan for utbygging av gang- og sykkelveggar langs
Nasjonal Turistveg.